

**Dokumentasjonsprosjekt - Torvtekt helle-/skifertak,  
Osmundvågen ved Måløy.**

**Dokumentator Kåre Løvoll,  
i samarbeid med Norsk håndverksinstitutt.  
Prosjekt 12 5101 19**



**NORSK  
HÅNDVERKS-  
INSTITUTT**

## Rapport frå torvtekt helle-/skifertak i Osmundvågen ved Måløy.

Dette er ein type tak som skal ha vore heilt vanleg på uthus i ytre Nordfjord. Det ser ut til at denne tekkingsmåten raskt gjekk av «moten» tidleg på 1900-tallet og at tekkinga etterkvart vart skifta til bølgeblekk og andre meir moderne løysingar. Ein kan tenkje seg at denne taktekkingsmåten må ha oppstått i ein kombinasjon av god tilgang til heller og lite eller ingen tilgang til lokal never.



På avstand som på bilete er det ikkje mogleg å sjå at taket ikke er eit vanleg nevertakt torvtak. Det har vindskeier og torvtyngslestein langs gavlar og ei rast meir midt på som truleg er den lyse stripa som viser ganske godt på biletet.

Biletet er truleg frå rett før 1900 og er berre eit utsnitt av eit større bilete som viser heile vågen.



**Naustet som etter alt og dømme er bygd i 1870 åra sto relativt åleine. No står det i eit naustmiljø.**



Det aktuelle naustet er nr. 2 frå høgre. Det gule naustet er bygd om lag 15 år seinare og hadde samme konstruksjon og tekking fram til etter 2. verdskrig. Inni all ombygginga står originalkonstruksjonen.

**Sjølve taket er altså tekt med lause heller eller overtekt med torv.**

**Omlag som eit tradisjonelt torvtak der neveren er bytt med heller. Ettersom heller er lite fleksible og har varierende storleik vert legginga likevel rimeleg annleis.**



Me får byrje nedst på ufsa.



Sperrere har eit hakk for dryppfangarheller som skal beskytte sperra mot at det vatnet som fyl einekrokane skal førast ned på sperra. Oppå sperra og under trodet ligg einekroken som er om lag 40 cm lang og skråar ut i null i øverkant frå ca. 35 mm nede med krokrota. Over krokane ligg trodet. Kombinasjonen av avsmalande krok med tro oppå gjev eit naturleg løft for ufsesteinane slik at dei fell om lag i samme vinkel som dei neste laga med skifer oppetter taket.



Det er slått inn eit i snitt 4» hakk for krokane (3-5») Her ser me for øvrig at ein ny krok har blitt slått på etter at steinen har fått sige 2».





Det kan sjå ut som at krokane har vore plassert slik at innside krokvinkel ligg litt utanom sperreenden og ringtroa nesten innåt kroken. Då kan ein trekke opp neste hellelag omtrent til oppom oppstikk på krokane slik at vatnet som renn ned på ufsesteinskøytane akkurat går klar trodet. Dette var vanskeleg å verifisere då nedste hellerastene var rimeleg skipla. Kanskje har ufsesteinane lege med sidevegs omlegg opprinneleg? (nokre gjer framleis det).



Der sperrene er kortare let dei kroken stikke godt utom sperra.





Også ufsesteinane er relativt store, men nokre er som her berre so vidt over 12» høge.  
Her kan det sjå ut til at førsteopptrekket er om lag (naturleg nok) i flukt med krokane.



Sett meir nedanifrå.





80 x 40 cm om lag, på det største.



Litt under meteren brei og halvmeteren på det høgaste, rett nok ikkje firkanta som ein ser.



**Over til tekkinga.**



Sjølve leggemåten ser relativt kaotisk ut. Det er vanskeleg å finne system. Noko som eigentleg er logisk når hellene varierer sopass mykje i storleik og dimensjon. Me går ut frå at hellene er lagt på same måte som never i det at det er lagt torv etterkvart som ein får tett tak og slik jobbar seg opp til mønet. Det vert eit slags praktisk-logisk puslespel der målet er tett tak.



Det er mykje heller rundt 40 x 60 cm, men med stor variasjon i form.





**Nærstudie av lekkasjepunkt. Svakheita til denne tekkinga er knekte og sprekte heller.**



**Det meste av tekkingshellene er lagt liggande slik at dei er breiare enn høge, dette kanskje i motsetning til mange villskifertak?**



## Gavlstein.



Gavlhellene er jamt over store og meir firkanta enn resten av taket. På gavlen som vender mot vågen (sørvest) er det tilsynelatende ekstra fin og stor stein som ber preg av gjenbruk. På desse steinane finn me, som einaste plass, spor etter opphengshakk. Me finn ellers heller med hakk for torvhaldekkrok fleire stader utover taket. Noko som tyder på at mykje av steinen er gjenbruk.





Også på motsett gavl finn me utsorterte store heller, men ikkje so firkantige som på andre gavlen.

Ikkje er det opphengshakk heller og hellene på denne gavlen glir meir inn i heilheita i fasong og utforming.



Jamt over store heller med rimeleg rett kant ut. Takvinkelen vart målt til 33 grader, men kan ha vorte endra grunna sig. Bør gjerast betre og fleire målingar.



**På sjøsida er utstikket 1-2».**



**Medan det på oppsida varierer frå underkant 2 til overkant 3 tomnar.**



## Torv.



Torva har ei blanding av lyng og gras og etterkvart nokre tre. Den er har godt samhald og var, som biletet kanskje illustrerer, tung å dele opp.



Torvjorda er svart og kompakt med eit rikt samhald av røter.



## Torvtyngsle-stein.



Det har truleg vore tyngsle-steinraster på begge gavlar samt ei rast meir midt på. Me fann tydelege raster på begge sider av midt-rasta og øverste gavl, men ikkje på sjøsida der det heller ikkje var att torv.



Her ser me tyngsle-steinane til venstre langs gavl og til høgre for midten. Rasta til høgre er plassert rett over ein bet. Truleg for å få mest mogleg av takvekta direkte ned i konstruksjonen.

Desse steinane er ganske tjukke på dimensjon og ganske langsmale: 5-8 cm tjukke 30-40 cm breie og 40-90 cm høge.



## Møne.



Mønet er no tekt med møneblekk, nedanfor er det ein kombinasjon av plast, blekk, støypejarnsplater, never og papp m.m. som er tynga ned med stein. Denne steinen ser ut til å være ein god miks av takheller og tjukkare steinheller.

Originalt veit me at mønet var torvtekt. Det er naturleg å tenke seg at sjølve mønet var nevertekt, men dette har me ingen fysiske indikasjonar på.





**Trod.**



**Trodet er lagt opp etter eit ujamnt lekterprinsipp. Snitt-avstanden er 4» og sjølve trodet er 1» ukanta ca. 8-10». I tillegg er det sjølvstomt mykje gjenbruk.**



**Nokre stader bryt legginga med lekterprinsippet og er lagt heilt tett to og to.**



## Konstruksjon.



Dette er ein sokalla grindkonstruksjon bestående av 4 grinder (stavpar forbunde med ein bete og avstiva med skråband.) Nedpå grindene er det felt ei raft på kvar side.



I tillegg er det ein ås meir mot midten på kvar side som er stava ned i beten og låst med nokre tverrtre. Originalåsen er roten og forsterka med nyare under.



## Føremøner og ulemper.



Stein rotnar ikkje. Og denne tekkinga er for ein stor del 150 år gamal og det på ytterste Vestland! Problema er knekking/sprekking (sjå over) samt sig (sjå under).

Det må være fleire hundre reparasjonar på dette taket. Det har vore stukke inn never, tjøreppap, ovnsplater, blekk, lappsteinskifer og alt som ellers måtte høve seg.



Når torvhald og torvhaldskrokar rotnar og ikkje vert skifta/vedlikehaldt sig torva og dreg med seg stein, og lekkasjar oppstår. For oss ser det ut til at det er i mønet siginga gir størst utslag, medan hovudproblemet ellers er sprukne/knekte heller.



## Mål/storleik

### Osmundvågnaust, konstruksjon

<b>Kva</b>	<b>Materialdim.</b>	<b>antal</b>	<b>Utforming</b>	<b>Material</b>
6,5 x 11.5 m.				
Stavar	10-11"x 10-11" R	8	Firkanta i rota, rundare mot topp. Rot opp	Furu
Bete	12 x 7" rot	4	Øksa, vakant	Furu
Skråband, stav-bete, endevegg	Ca. 3 x 4-5"	4	Øksa innfelt i stav og raft med naglar	Furu
Skråband, stav-bete, Midtbetar	Ca. 3 x 6" rot	4	Innfelt i stav, krom med to naglar på bete	Bjørk
Raft	12 x 7" 8m	2	Øksa	Furu
Raft	6 x 10" rot	2	Halkløyvd 12-13" øksa til 6 x 9-10"	Furu
Ås nord	3 x 5"	1	Saga	Furu
Ås sør	4 x 6" rot 4" topp. 8m	1	Saga på alle sider, skarpkant	Furu
Stavar	4"	8	Heil til halvrund, øksa	Furu
Åsbetar	Ymse ca. 4x6"	4	Øksa	Furu
Sperrer	Ca. 7"rot - 4-5" topp	30	Firkanta i rota m. vakant, relativt rund topp	Furu

### Osmundvågnaust, Heller

<b>Kva</b>	<b>Største</b>	<b>Minste</b>	<b>Standard*</b>	<b>Tjukkelse</b>
Kanhelle, nordvestgavel	105 x 60cm	37 x 28 cm	70 x 40cm	1-2"
Kanhelle, sørvestgavel	115 x 110	80 x 25 cm	100 x 100	1-2"
Ufseheller	80 x 60cm	45 x 30 cm	80 x 40cm	1-2"
Takheller	90 x 60	<u>10 x 10cm</u>	<u>30-40 x 50-60cm</u>	1-5cm
Torvtyngsle-heller			40 x 70cm	2-4"

\*Den type heller me meiner ein bør sjå etter når ein leitar heller, men med stor variasjonsgrad

**Vegen vidare?**

**Me trur at det som gir best læring og forståing av denne leggemåten er ein kombinasjon av dokumentering og nylegging.**

**Me voner at me får finansiert oppattlegging av helletaket. Kanskje kan det være naturleg å samarbeide med folk som har erfaring med villskiferlegging.**

**Det er to opplagte utfordringar med dette. Finansiering og vedlikehald. Det er vanskeleg å pålegge grunneigaren den ekstra kostnaden med legginga og hellesankinga. Det er vel ingen som eigentleg kan denne teknikken no og det vert derfor i grenselandet mellom forskning og handverk. Det vil etter alt å døme oppstå sprekker og påfølgande lekkasjar no og. Taket krev at at ein fyl med og tettar etterkvart. Vil tru at det kanskje oppstår nokre lekkasjar rett etter legging, først grunna trakkinga og sidan litt sig? Og at når ein får tetta desse får ein lengre periode med lite vedlikehald? So lyt ein etterkvart fylje med på torvhald og torvhaldskrokar og skifte dette etterkvart.**